



Orkdal menighetsblad

Nr. 5

Mai 1984

34. årgang

Maidag - heilagdag

Vi er komne inn i årets vakraste månad, årets travlaste månad og samstundes den månad som har flest sør- og heilagdagar. 1. mai og 8. mai med tjugeårs minnehøgtid om frigjering frå tyskarar og framandvelde. Snart står 17. - maidagen for døra då all norsk fridom skal høgtidast.

Brått hugser alle vi som er gamle nok, okkupasjonstida med ufridom på alle kantar. Då var det kyrkja som samla folk, iallefall der kyrkja enda var i funksjon og kyrkja sine tenarar fekk halda fram i arbeidet. Det var som kunne vi lida oss gjennom dei 6 vekedagar berre vi fekk ha helga i fred og samlast om Guds ord til høgtid og bøn - for fridom, for dei som i fengsel var - og dei som var flyktningar i framant land. Vi kjende instinktivt at vi trong å samlast under salmetonar og bøn - at vi trong ordet frå altar og preikestol. *Vi trong helg over ein grå kvardag.*

I dag er det ingen ytre fiende som vil øydelegga heilagdagen for oss. Vi får gjea med den, kva vi vil. Hugsar vi då Han som bad oss halda kviledagen heilag? Eg er redd at ikkje alle gjer det.

Som så mykje anna er søndagen kringsett av rastløysa i tida og okkupera av alle slags sportstemner og tidtrøyteindustri at det trugar søndagens innste vesen og meining. No er det ikkje Gud

som treng søndagen. Det var for mennesket si skuld han fastsette den. Øydelegg vi den, går det ut over oss sjølv.

Det er ikkje berre det at ikkje naudsynt sundagsarbeid er utan signing, men vi er med på å riva istykker ein snart tusen år gamal bygdevev i landet vårt - om vi tar for oss uturvande ting på Herrens dag. I denne gamle bygdevenen ligg såvorne ting som - trivsel i heimen - age for mor og far - kjærleik mellom ektefeller - born oppdregne i sømd og ære - helg over tunet - helg over bygda - godlag mellom naboar - kvild og rekreasjon. Alt dette går tapt om vi slepp kvardagen inn på søndagens plass.

No er det sjølv sagt ikkje slik at berre ein let arbeidet ligga denne dagen, så er alt i orden. Nei, i Guds ord står det (2. Mos. 20,8) »Kom i hug at du held kviledagen heilag». Dette tyder noko meir enn berre det at du let arbeidet liggja i ro den dagen. Kviledagen skal vera ein heilag dag for oss.

Det som Herren vår Gud har lyst heilagt, skal vi ikkje vanhelga. Det gjer den som uturvande set seg på ei landbruksmaskin av eit eller anna slag ein søndag.

Du bonde og du ikkje bonde som inst innmed deg sjølv vil vera ein kristen, - set di æra i at son eller dotter di seinare i livet kan segja: »Eg såg aldri han far ar-

NO KJEM DEN

VENE VÅREN

då gras og blomar gror.
No kjem han fuglekoren.
Det sumar vert her nord.
Alt høgre sola stiger
ogsprengjer blad og knupp.
Og livet det vinn siger,
stig etter nyfødd opp.

Dei fagre blomeenger
og åkrar rad på rad,
dei grøne hagesenger
og skog som skyter blad
skal læra oss å lova
vår Gud i samlyndt kor,
for livsens store gåva
og nåde mot vår jord.

Me høyrer fuglar kveda
med tusen-tunga ljod.
Skal ikkje me med glede
lovsynga Herren god.
Mi sjel din Gud til Æra
kved opp med frygdesong.
Han vil oss nådig vera
og letta all vår trond.

Velsigna årsens grøda
Send sol og regn vårt land.
Ja, gjev oss alle føda.
Velsigna hav og strand.
Du våre sjeler nøre
med livsens brød og ord.
Din faderarm oss føre
i all vår ferd på jord.

Kolmodin/Hovden

beide uturvande på heilagdagen». K.R.

SLIKTERS GANG**Døpte**

Orkdal

04.03. Ronny Solbakken Bredesen
08.04. Toril Jensvoll
Christian Bjørkhaug
Maria Kristine Jose Melås
Elisabeth Landrø
Karen Marie Aunemo
Roger Solem
Vegard Varmo
Line Svee Jensen

Orkanger

19.04. Nikolai Sødahl
Ole Morten Øberg Holmeng
Mari Østeggen

Orkland

01.04. Terje Opøien
Einar Houston
08.04. Lars Olav Lillery

Vigde

Orkdal
23.03. Teuvo Aleksi Saarikko og
Bodil Bye
Not. publ. Orkdal

**Døde**

Orkdal
25.03. Ida Mellingsæther
10.04. Kläre Hüning

ORKDAL MENIGHET**Songarstemne i Orkdal 27/5**

Trøndelag krets av Norges kristelige sangerforbund set kvarandre stevne i Orkdal denne dato. Fleire kor vil verta med ved gudstenestene i tre av kyrkje- ne våre denne dagen. På grunn av at det må settast opp tribune for 300 songarar i Orkdal kyrkje til ein konsert kl. 16 - går det ikkje å sette opp høg- messe i Orkdalskyrkja denne dagen, dverre. Vi får visa til prestegjeldets øvrige tre kyrkjer.

Møteuke

I Megården bedehus 8.-13. mai. Taler blir sekretær i Det Norske Lutherske Indremisjonsselskap Georg Jønsberg. Nærmere annonsering i ST.

2. mai - konfirmantfest

på Grøtte samfunnshus kl. 19.30.

10. mai - koralkveld

i Orkdal kyrkje kl. 20. Vi synger og hører bryllupstoner.

ORKLAND MENIGHET**Bibeltimer**

Gunnar Bonsaksen fortsetter sine bibeltimer. Dagene er: onsdag 2. mai og onsdag 30. mai. Begge dagene er på Svorkmo Misjonshus kl. 20.00.

Eldretreff

Torsdag 3. mai kl. 11.00 er det eldretreff på Svorkmo Misjonshus. Vi får besøk av 3 ungdommar frå Bakksætra som vil fortelle derfra og vitne og synge. Gunnar Ustad vil komme og vise lysbilder for oss.

Det blir orientering om eldreturen og påmelding til denne.

Buss fra Øyum kl. 10.30 som går over Monset. Biler fra Kårmo kl. 10.45. Egen bil fra Houston. (Si fra til Arne Belsvik).

Eldretur

Tirsdag 22. mai blir det eldretur. Møt opp 3. mai på eldretreffet og hør hvor turen går. Da blir det også påmelding. Vi tør love en interessant tur.

Husbasar

Fredag 4. mai blir det husbasar på Svorkmo Misjonshus. Taler blir Tomod Hagen. Og det blir med sangkrefter.

Misjonsmøte

Mandag 7. mai kl. 20.00 er det misjonsmøte hos Ivar Ljøkjell.

Bønnemøte

Onsdag 16. mai kl. 20.00 er det igjen bønnemøte på Svorkmo Misjonshus.

Røddemøte

Mandag 21. mai kl. 20.00 er det røddemøte hos Tone og Bertel Aasen.

Eldres dag

Søndag 3. juni kl. 11.00 blir det eldres kirkedag i Moe kirke. Under gudstenesta blir det sang av brødrene Fagerli. Og på kirkekaffen etter gudstenesta blir Svorkmo Musikklag med og syng for oss. På kirkekaffen blir det forskjellige programinnslag.

Det blir satt opp buss fra Øyum kl. 10.00 som går over Monsetjåren til Svorkmo og videre til Kvinkne og over Asbøljåren og til Moe kirke.

ORKANGER MENIGHET**Sangkveld på bedehuset**

fredag 4. mai kl. 19.00. Vi får besøk av bysekretær Helge Gudmundsen. Flere sangkrefter blir med og det blir utloddning og servering. Dette blir den siste festen på det gamle bedehuset vårt og du er velkommen til å være med.

Orkanger Indremisjon.

GEITASTRAND MENIGHET**Bålkveld fredag 25. mai**

Fredag 25. mai kl. 16.30 inviteres barna på Kjøra og Ofstad med foreldre til bålkveld ved gamle sagbruk. Ta med polser og mat. Brus og kaffe får dere. Vi håper på godvær og god oppslutning!

30. mai - Ofstad bedehus kl. 19.30
Konfirmantfest og årsfest.

MENIGHETSBLAD FOR ORKDAL PRESTEGJELD

7300 Orkanger
Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:
Gunerius Kjøren, Jorhild Ljøkjell
Agnes Singstad

Redaktør:
Kaare Rogstad

Kasserar:
Einar Garberg, 7320 Fannrem
Postgironr.:
3 26 87 29

Takk for gaver og kontingent!
Ekspedisjon:
Sigmund Gjelsvik, 7300 Orkanger
Sats, repro:
Fagerli Offset A.S., Svorkmo

Trykk:
Orkanger Offset A.S., Orkanger

Fedrelandssalmen**Av Ingvald Forfang**

(Eit utklipp frå Norsk Tidend, ca. 1930)

I same pensjonatet som Hognestad budde og kyrkjeministeren, sokneprest Chr. Knudsen. Ved kveldsbordet sa Knudsen til Hognestad: »Det ble ingen sang, Hognestad!» »Nei», svara H., «eg våga meg ikkje til». Også fekk eg høyre at K. hadde bedi H., som var ein god songar, om å stemme opp med »Gud signe vårt dyre fedreland» når avgjerda om unionsløy singa var gjort. Men denne salmen var enno den gongen på langt nær ålmənt kjend, og H. var vel redd for at han skulle bli ståande og syngje áleine, - såleis vart det at han ikkje våga seg til. Dessutan var det no og reint uvanleg å syngje i Stortinget. Men hadde dei fått dette til, ville det ha vori ei verdig og festleg avslutning på det monumentale møtet, som »snudde Norges sogeblad» for all framtid.

Eg trur at eg kan seia at salmen gjorde eit sterkt inntrykk på konsertlyden, framboren som han vart av Torvald Lammers' mektige röst. Men det eg minnest best frå denne framføringa, var likevel å sjå det inntrykket salmen gjorde på Bjørnstjerne Bjørnson. Han var hovedtalaren på denne Olsokstemna (talen vart holden på Ilevollen), under konserten sat han på ein stol oppe i høgkoret, så eg såg han godt - kyrkja var sjølvsgått stappfull. Da Lammers song fedrelandssalmen, trilla tårene nedover kinnet til B.B. Det var vel hans gamle grundtvigskristne innstilling som minte seg for han og løyste tårene, - attat det at salmen er eit fullbore estetisk meisterverk, som nok av den grunn og kunne gripe ein mann som Bjørnson. -

Med det same eg er i farten, lat meg nemne ein ting til i samanheng med fedrelandssalmen. Kretssekr. Dag Buhaug, en av initiativtakerne til denne foreninga var med og ledet festen og viste lysbilder fra Israel.

Mange meldte seg som medlemmer, og de som ønsker å bli medlem kan henvende seg til en i interimsstyret. Der sitter: Anne Houston, Jorhild Ljøkjell, Inger Lill Gjønnes, Haldor Solheim, Roald Killingbergtrø og Bertel Aasen.

Det koster 10 kr. å bli medlem. Planen er at det skal bli 2-3 festmøter i året på forskjellige steder i Orkdal og i Børsa. Neste kveld er allerede fastsett til

forts. side 8

I same pensjonatet som Hognestad budde og kyrkjeministeren, sokneprest Chr. Knudsen. Ved kveldsbordet sa Knudsen til Hognestad: »Det ble ingen sang, Hognestad!» »Nei», svara H., «eg våga meg ikkje til». Også fekk eg høyre at K. hadde bedi H., som var ein god songar, om å stemme opp med »Gud signe vårt dyre fedreland» når avgjerda om unionsløy singa var gjort. Men denne salmen var enno den gongen på langt nær ålmənt kjend, og H. var vel redd for at han skulle bli stående og syngje áleine, - såleis vart det at han ikkje våga seg til. Dessutan var det no og reint uvanleg å syngje i Stortinget. Men hadde dei fått dette til, ville det ha vori ei verdig og festleg avslutning på det monumentale møtet, som »snudde Norges sogeblad» for all framtid.

Men så varde det ikkje lenger enn til juni året etter (1906) før fedrelandssalmen fekk si store vigsle. Det var kongekryning i Nidaros Domkyrkje, og »Gud signe vårt dyre fedreland» vart oppsett til slutningssalme (takk vere fyrt og fremst kyrkjeminister Chr. Knudsen og utenriksministeren Jørgen Løvland). Dei som var med, har fortalt at det var den mest høgtidssame stunda i heile den store høgtida da den store kyrkjelyden med det nykronte kongeparet i brodden reiste seg og song denne herlege salmen, der serleg siste verset var som gjort til dette høvet. Mellom dei mange utlandske utsendingar vekte denne episoden sers ster oppsikt, og serleg la dei merke til den varme som folket lå i denne songen.

Det er tydeleg at Blix har forts. side 8

TORFINN SVARTES TANKAR

Emmerense og eg tar til å bli gamle og med gamle folk fylgjer dette at vi gjerne ser attover og minnes. Garden her var liten da vi tok over. Heile bruket var ikkje meire enn 40 mål. Men ved idugt arbeid gjennom heile vår vaksne tid er den nesten blitt 5-dobla. Emmerense var også ifrå ein heim som etter storleiken vel måtte kallast småbruk. Og det vi har tala om den siste tida er nettopp voksteren i jordbruket og alle sider ved den utvikling vi kan sjå attende på. Det byr på så mykje både vondt og godt at det er mest uråd å legja eit felles namn på det. Emmerense sa det slik ein dag verdottera hadde vore inne på kåret og klaga seg kor dyrt alt var. »Å nei, du Torfinn, det er synd ikkje ungdommen no for tida har fått freista noko av vår oppveksttid. - Veit du, enno så armt alt var dengongen, så trur eg at vi på sett og vis var rikare da. Ja, ikkje på gods og gull, sjølv sagt, - men rikare i oss sjølv om du skynar kva eg meiner?» Ja, eg skynar Emmerense så vel, og no når ho har gått og lagt seg så sit eg her med tankane mine.

Det er noko inni meg, som beint ut svid i bringa og som eg har hug å ropa ut, - ei anklage mot omlegginga av næringslivet etter den høgt omsungne lønsomhetslinja. Kva har det ført til at folk sat å rekna ut kva for avl garden min helst passa til - kor det var eg skulle setja inn mi arbeidskraft. Kva det helst var eg måtte bygga ut. Den eine plana vart veigd imot den andre. Så var det noko som lona seg betre enn noko anna. Så vart den alt omfattande gardsavlinga så einspora at trivselen vart burte, men sjø, trivsel er ikkje lønsamt, så burt med den. Først var det hønsene. Dei var for få. Skulle ein driva med dei, så laut ein minst ha 200 stk. Burt med dei. Sauen, »nei, det lønar seg därleg», så herradsagronomen, »å ha berre 8 sauar. Du skynar det vert uforholdsmessig mykje strev med den etter så få dyr. Vendingane blir dei same med 50 - både når du skal vaska, klyppa og leita dei opp om hausten, for ikkje å segja slakta. Burt med dei.» Hesten stakkar, den sto der og åt også dei dagane det ikkje var bruk for den.

Eg kan rasa imot den politikk som

har ført fram til at heile samfunnstrukturen og dermed familieinstitusjonen er blitt endra. Ja, Emmerense og eg er av dei heldige - enno. Men eg tenker på mange av mine jammaldringar som laut reise frå heimen når dei vart gamle. Me lev i eit velstandssamfund, men mange gamle som var med å slita fram dette velstandssamfundet, blir ofte nekta å leva eit meiningsfullt liv. Kvifor? Sjølv sagt ikkje av vond vilje, men av tankeløyse. Dei mures inne i aldersheimar, der det ikkje finnst sjanse for å halda hendene i aktivitet, enda om dei gjerne ville det. Også misser dei ofte samfund med generasjonane utover. Enn om dei kaffedrikande rikspolitikarar laga økonomien og hjelpe for dei gamle slik at dei kunne vera heime mykje lengre.

Torfinn.

Helårs-trim

A. Todals
Sport

Tlf. 80278 - 7300 ORKANGER

LA OSS BLI
DIN GULLSMED

Gullsmed
RØHME

7300 ORKANGER

UNGDOM OG MORAL

er vel av dei diskusjonstema som ein aldri vert ferdig med. Somme skrik opp om ungdomskriminaliteten som har oppgående kurve. Andre slår fast at vi aldri har hatt så fin ungdom som i vår generasjon. Trulegvis må vi vedgå at det både finns god og dårlig ungdom, no som til alle tider før. Sikkert er det iallefall at eit folk - eit samfund får den ungdom det fortener. Om ungdommen skulle syna seg å vera umoralisk, så er det avdi tida - arv og miljø - gjer han slik. Det er ein unrealistisk tanke å sjå på ungdommen som eit isolert fenomen og gjera den til syndebukk for ei tidsånd vi alle er med på å skape. Om ungdommen sume tider og stader syner seg å vera som ei råten frukt, så må vi eldre vera det råtnet trekt. Moralen vil no forresten alltid berre vera eit symptom. Nauda ligg djupare. Der eit menneske eller fleire mangler synet for forpliktande absolutte verdiar, der kjem nokså sjølv sagt umoralen inn. Men dei absolutte verdiar kan aldri vera basert på mennesket sjølv, dei kan berre ha sin grunn i tru på Gud. Om moralen difor skulle syna seg å vera låk i noko samfundsleg eller aldersgruppering, syner det berre at det der eksisterer ei religiøs naud. Eg leste eingong om ein ung gut som fyrist

Rundt Kristi Himmelfartsdag (30. 5. - 2. 6.) vert det arrangert TENMISJONSFESTIVAL på Bakksætra, Svorkbygda. Tenmisjonsfestival, kva er det? Vi satsar på ei festleg tid her - med staurbering, bibelhalvtimar, konsertar, grillseskap, korsonging osb, osb.... eit fellesskap der vi legg vekt på at vi er heile menneske skapt av Gud til å leve i lag med Han. Der vi syng mye, - & folk syng & spelar for oss, & vi for kvarandre. Dei som syng for oss er m.a.: Lomundsjøsambandet, Berit Tyra Meland, & vi voner tensingkoret frå Ørlandet: Fides. Det er ope for alle tenåringar: & dei som er eldre. Og der som vi stablar viskelæret på fotene.

Sjå annonse.

Kontakt Bakksætra tlf 88118 & Haldor for nærmere opplysningar.

**ten
misions
festival**

STAD: Bakksætra, Svorkbygda
TID: 30. mai - 2. juni
FOR: unge & eldre ungdomar
PRIS: kr. 200,-
MED: **fides**
berit tyra
lomundsjøsambandet
Arr. NMS

for vart Kjærleikens side ved Gud understreka til karrikatur. Dessutan kunne ikkje ei slik gudstru halda seg i folket. Folk greier ikkje å tru på ein umyndig Gud.

Her er det Johs. 3, 16 har sin plass. SÅ HAR GUD ELSKA VERDA AT HAN GA SON SIN DEN EINBORNE, FORAT KVAR DEN SOM TRUR PÅ HAN IKKJE SKAL FORTAPAST MEN HA EVIG LIV. Vi har videreføring av dette ordet hos Luk. 8 der Jesus fortel soga om dei fire slag sedejord: DET SOM ER VED VEGEN »DET ER DEI SOM HØYRER ORDET» MEN SO KJEM DJEVELEN OG PLUKKAR ORDET UT AV HJARTO DEIRA» FORAT DEI IKKJE SKULLE TRU OG VERTA FRELST. Dette er dei to muligheter både unge og eldre lev imellom. Om det ikkje fannst ei vond makt med ei vond vilje som ville få oss menneske til fall, så hadde vi ikkje trent nokon frelsar som kom til jord. Den onde makt har oppnådd mykje, når ho greier å få oss burt ifrå Guds ord, - til ikkje å ha fnugg av interesse for Guds samfund. Då er situasjonen blitt livsfarleg for vårt evige liv. Utan Gud har vi all grunn til å fortvile. Med Gud er all framtidsangst heilt forkastelig. Menneska kan laga seg så mange atombomber det vil, Guds rike skal det ikkje greie å sprenga sund. Same kor mange månerakettar og romskip menneskjet sender ut i verdsrommet, så skal dei ikkje slik finna Guds rike.

Det kristne framtidssynet finn vi hjå evangelisten Johs., når han ser fram i tida slik: Og eg såg ein ny himmel og ei ny jord, stiga opp frå havet på Guds bud.

Det som no må forkynnast ungdommen vår er nett dette, at Kristus er kumen til verda og at hans rike er iferd med å fullendast. Kanskje vi lev i det siste kvarter. Men da har den som trur, lov til å rette sin rygg og løfte sitt hode, for utlösinga stundar til. Den som er ung og den som er gammal kan ikkje vera tilskuarar til dette som held på å skje. Dei må vera utøvarar i praksis. Vi må taka korset opp og fylgia han.

Det skal ei skje ved kraft og makt men ved din Ånd som Du har sagt.

K.R.



FRÅ UNGDOM TIL UNGDOM



KJÆRE KONFIRMANT

Om nokre dagar skal du og alle kameratane dine knela ned ved Herrens altar for å ta imot Guds signing over livet som ligg framom deg. Eg veit ikkje noko meire løftekrakt og fagert syn enn ungdom på kne for Gud - ungdom som har tanke for det dei gjer.

No er nok både du og alle dei andre konfirmantar veldig spente på dagen og sikkert også på livet som ligg framom. Kanskje har du ei kjensle av otte også. Kva skal det verte av meg? Kjem eg inn på den skolen - den arbeidsplassen eg har tenkt. Ja, får eg meg arbeid i det heile når så langt kjem? Det er sanneleg ikkje så enkelt å vera ung i dag. Ein må likevel legge planer og eiga draumen om ei rik og meiningsfylt framtid.

Veit du kva eg har hug til å seige å deg? Like vel som du vil »gjera det godt» i livet - skal du streva for sjølv å bli »god». »STRID DEN GODE STRIDEN OG GRIP DET EVIGE LIVET», seier Paulus. I dåpsløftet som vart lese over deg eingong sto det: »Eg forsakar Djævelen og alle hans gjerningar og alt hans vesen». Det skal lyda på konfirmasjonsdagen også. Nettopp i dette er det vi må strida den gode strid. Sanneleg så skal du ikkje koma så langt frå kyrkjedøra, før

Mellom desse to bibelords makter står du KONFIRMANT med ditt valg. Tar du det valg å gå på Guds veg - vil Hans signing følge deg etter livet. Du skal få gå trygt.

Ein dag fell hendene til mor og far ned. Dei kan korkje be for deg eller vakta deg lenger. Livet er no eingong slik. Frelsarens hender fell aldri ned. Still deg under velsigninga til desse hender og du går trygt.

Må Gud få velsigna deg både for konfirmasjonsdagen og alle andre dagar.

K.R.

KONFIRMANTER I ORKDAL KIRKE

6. MAI 1984:

JENTER:

Birgitte Almli
Gunvor Kristine Andersen
Anne Katrine Aune
Ingunn Berg
Astrid Bjørndal
Runa Bratlie
Anne Pauline Bye
MayKristin Bye
Anne Drablos
Sofrid Ekli
Elise Engen
Siri Evjen
Kjellaug Margrete Gangås

Bente Gjønnes
Marit Holm
Ranveig Hovsbakken
Astrid Hukkelås
Hilde Høston
Marit Kjelstad
Ase Kvernemo
Beathe Langmo
Anita Løseth
Nina Iren Løvås
Lisbeth Nilssen
Hanne Nyhus
Grete Rye
Hege Rønnes
Jorid Sandstad
Hanne Stendahl
Marit Stokkli
Ingvald Sundli

Astrid Johanne Ustad
Birgit Viggehagen
Olaug Øyangen

GUTTER:

Ronny Andreassen
Johnny Andresen
Trond Atle Asphjell
Bård Eivind Bakk
Tom Roger Blåsberg
Ole Roar Bonvik
Helge Morten Dørdal
Trygve Eggens
Jan Olav Fagerholt
Edvin Age Fagerli
Robert Gjønnes
Sigbjørn Gjønnes
Jan Tore Haukli
Jan Roar Haukås
Tor Andreas Hegle
Svein Brage Husdal
Ivar Kjærem
Tor Egil Kristensen
Terje Krokdal
Per Eivind Løfshus
Kai Espen Meland
Lars Mo
Arne Rygh
Kjell Olav Skorild
Joar Sognli
Viggo Solemsløkk
Geir Arne Sommervold
Geir Johnny Viggen
Johnny Øyangen

KONFIRMASJON I ORKANGER KIRKE 13/5 KL. 10

KONFIRMASJON I ORKANGER KIRKE 13/5 KL. 12

Brattset Linda
Gangås Stein Atle
Hansen Kirsti Merete
Johansen Ann Kristin
Knudsen Robert
Kvarner Trond
Løvås Siri Anita
Martinsen Hilde
Meland Barbro
Monsen Ole Oddvar
Omland Øyvind
Paulsen Monica
Roel Monica Helen
Rønning Jørn
Sivertsen Anne Grethe
Solem Mette Irene
Sollie Vidar
Solstad Bjørn Tore
Sæther Marianne
Volden Dagrun
Asgård Magnhild

KONFIRMANTER I MOE KIRKE 13/5

Blåsberg Britt Elin
Bye Gunn Eva
Gynhild Eva
Gåsbakk Eli
Løkken Olaug
Moe Anne Kari
Monseth Janne Merete
Rye Anne Lise
Selbekk Elisabeth
Solem Hege
Staveli Elisabeth
Sæther Ingvild
Øyum Kirsti
Øyum Lisbeth
Asbøll Einar Inge
Bjørnbeth Erik
Bonde Håvard
Bye Svein Johan
Bye Stig Ove
Fagerholt Gisle
Kvåle Jon Olav
Lyngved Nils Morten
Moe Terje
Samskott Tore
Selbekk Tormod
Ustad Knut Arvid
Haug Jonny

KONFIRMANTER I GEITASTRAND KIRKE 20. MAI 1984

JENTER:

Ingrid Bjørklund
Lise Gridseth

Marit Johanne Kjøren
Aslaug Alise Nilsen
Kristin Rian
Ann Karin Solemsløkk

GUTTER:

Steinar Bjørnbet
Øystein Bogen
Lars Bonvik
Alf Halsen
Johnny Harrang
Bengt Haugnes
Arc Husdal
Morten Edvin Husdal
Inge Isdal
Even Kvernmo
Nils Ivar Kvernmo
Jan Erik Sletvold
John Tunigen

Orkanger Gartneri

Orkedalsvegen 10
Innh.: Oddny Blomli
Tlf. 80348

Alle sorter blomster til alle slag
anledninger. Kistepynt utføres.

Orkla Samvirkeleg

13 S-butikker
1 Domus-varehus
BYGGESENTER
ELEKTRISK INSTALLASJON
RØR - SANITÆRAVD.
SYSTEMHUSAVID.
NOROL - SENTER
BILVERKSTED
VERKSTED RADIO/TV
VERKSTED KJØL/FRYS

FA MEDBESTEMMELSE
— BLI MEDLEM I
S-LAGET

S S-LAGET



Hedre din mor og din far

Jeg vet ikke noe så fint og edelt som en familie hvor der hersker kjærlighet, respekt og troskap. Det skaper en så god atmosfære, og videre vil det ha sin gode innflytelse i samfunnet.

Det er gjerne ikke så vanskelig for et lite barn å vise sin spontane kjærlighet og tillit til foreldrene. Men mange møter problemer i tenåringsalderen som kan bli til en krisetid for mange. De er inne i en tid hvor det skjer mange fysiske og psykiske forandringer. I denne tiden er det mange som forsøker å løsøre seg fra foreldrene. Og dessverre mange foreldre som vil løsøre seg fra hverandre. De vil være uavhengige, selvstendige, stå på egne ben.

Kontakten blir brutt mellom barn og foreldre og mellom foreldre, alle parter får det vondt og vanskelig.

Selv om vi har en utbygget sosialomsorg trenger vi også å trekke fram en annen side, at det i første rekke er barna som har ansvar for foreldrene når de ikke orker mer. Det er barnas nærvær, kjærlighet og betroelser vi trenger. Gjør det lille du kan også for dine foreldre. Dagen kommer da vi må forlate hverandre. Den stunden kan bli plagsom om det ikke gis akt på det fjerde bud. Men dersom Hans bud overholdes skal Han rikelig velsigne dere.

Det er ingen som har hedret sin mor og far som vil angre på det. Men det er mange som ikke har hedret sin mor og far og som angriper bittert, men det var for sent.

Magne Bergslid

fra side 3

PRESTEKONTORET ER ÅPENT
tirsdag - fredag 10 - 14.

Prestene treffes 10 - 12.

Kateketen treffes:

onsdag 12 - 15

fredag 12 - 14.

dikta fedrelandssalmen på grunnlag av Landstads fedrelandsvers, som Domsnemnda nekta å gje rom i salmeboka, - det verset som sluttar såleis:

»Norge over våre grave
blomstre som en Herrens have».

Blix tok desse linene til utgangspunkt for sin fedrelandssalme:

»Gud signe vårt dyre fedreland
og lat det som hagen bløma».

Og no var det komi så mykje lenger med skjøn på den nære samanhengen mellom varm fedrelandskjensle og varm religiøsitet, at ingen hadde noko å innvenda mots å ta denne salmen inn i salmeboka.

Blix dikta mest alle sine salmar til gamle kjende salmetonar, såleis denne og, - til den danske tonen (av Weyse) til »Den signede dag». Som alle veit, er dette ein sers vakker og vyrdeleg tone, og han er no så samanvaksen med fedrelandssalmen vår, at ein mest må rekne at dei to ikkje kan skiljast åt. Det er mange norske tonediktarar som har prøvt seg med å lage ny tone til salmen, men ingen av dei har slegi igjennom. Tonen av Karl Svensen er jamvel komen inn i Korallboka, og det er ein vakker og vel brukande tone- men eg tvilar på at han vil koma i bruk.

"MIN SALME"

I det menighetsbladet som Inge Eidhamar redigerer no, Borgundbladet, har det den siste tida vore ein fast spalte med denne tittelen. Det vil med andre ord seie at det i kvart nummer er ein eller annan som har skrive ein kort omtale av ein salme som han eller ho set stor pris på, og i innlegget har fortalt kva det er ved akkurat den salmen som gjer han så verdfull for artikkelskrivaren.

Personleg synest eg det er både interessant og lærerikt å lese desse vurderingane, især no da det er så vidt mye diskusjon om den nye salmeboka som truleg blir ferdig om ikkje altfor lenge. Kanskje kunne det vere ein tanke å prøve på noko liknande i Orkdal Menighetsblad også?

Det er jo ikkje tvil om at salmesongen er ein viktig del av ei gudssteneste, og at valet av salmar for dagen har tilsvarende mye å seie for kor givande stunda i kyrkja skal bli for dei som har funne vegen dit. Men det er sjølvagt eit spørsmål kor mange det er som vil vere med på å velje »sin salme» på denne måten. Problemet for dei fleste vil sikkert vere å plukke ut akkurat ein salme mellom dei mange som hører med i favorittgruppa til ein vanleg kyrkjegjengar. Det er vel også slik at det kan variere noko frå tid til anna kva for salme det er som talar spesielt sterkt til ein. Det kjem til ein viss grad an på den livssituasjonen ein er i. Men likevel kunne det vel vere noko å tenke på å prøve seg med eit slikt opplegg. Kva meiner redaktøren?

Sigmund Gjelsvik

Ein god tanke!
Red. utfordrer S.G. til å velga seg salme til juninr. og til å utfordra neste kvinne/mann.

SØVASSKJØLEN**FJELLKIRKE**

postgiro 3 67 54 36 GJØLME.
EI KIRKESAK FOR ALLE
I ORKDAL.

B.Aa.

JESUS ER GLAD I ALLE

Det siste året har eg vore ansvarleg for ten-treffa på Svorkmo. Eg har sjølv sagt ikkje vore åleine, men hatt med meg nokre gode medhjelparar. Some gonger har vi vore få ansvarlege, men det har no for det meste gått bra likevel. Det har ikkje vore så veldig store disciplinære problem. Dei har stort sett vore lydige og »snille». Dei er for det meste greie å arbeide saman med og dei er viljuge til å hjelpe til om det skulle vera noko, t.d. retting av tippekonkurransen, salg og rydding.

Eg syns at ten-treffa har vore fine, men det veit vi jo ikkje om tenåringane har. Oppmøtet har variert noko, men det er jo naturleg. Vi er glade for kvar einskild som kjem og vi har det fint om vi er få og.



Programmet varierer noko frå gong til gong, men noko er fast kvar kveld: tippekonkurransen, (der vi summerer gjennom hele semestret i tillegg til kveldens vinner) konfirmantinnslag og pause med salg av diverse. Nokre gonger har vi besøk utifrå t.d. fra Eintøra (UIO), frå folkehøgskole, av einskilde menneske (»Kveldens gjest»), og så har vi av og til film, allsang, vitnesbyrd og fleire konkurransar sjølv. Gjennom film og vitnesbyrd prøver vi å fortelle kva Gud har gjort mot oss ved at han sende Jesus til jorda for å ta på seg våre synder ved at han døde på korset og stod opp att og at han LEVER I DAG! Jes. 53,5 »Men han ble såret for våre overredelser, og knust for våre misgjerninger. Straffen lå på ham for at vi skulle ha fred, ved hans sår har vi fått lededom».

Likeeins prøver vi å peike på at Jesus er glad i alle sjølv om vi har ulik bakgrunn og er forskjellige. Joh. 1, 12 »Alle som tok imot ham, dem gav han rett til å bli Guds barn - de som tror på hans navn».

Hilsen Bente Aamot

SMÅTT OM MANGT**Menighetsseminaret med utvida kompetanse**

Menighetsseminaret har til no utdanna menighetssekretærar, menighetsfullmektigar og barne- og ungdomsarbeidarar til teneste i den norske kyrkja.

Nytt av komande haust er at KuD har godkjent menighetsseminarets utdanning som årseining i kristenkunnskap innanfor lærarutdaningsystemet. Samstundes som utdanning ved menighetsseminaret gjev full kompetanse til overnemnde stillingar,

kan den no kombinerast med lærarskole og føra fram til adjunktkompetanse. Menighetsseminaret tilbyr lærskurs mellom anna i Trondheim. Tilskrift: Menighetsseminaret, Jonsvannsvegen, 7000 Trondheim

tlf. 07 940966
Tlf. 02 20 83 67

Kristeleg Kringkastingslag lanserer 1984 som medlemsvervingsår. Målet er å koma opp i eit medlemstal på 55000. Dit manglar ein 6500. Kanskje du lærar som les dette er ein av dei som enno manglar?

KKL er idag tilslutta av 26 kristne organisasjonar og trussamfunn. Tilkirskriften er: Rosenkrantzgt. 13, Oslo 1, Tlf.: (02) 11 34 80 Postgiro: 5 12 22 05, Bankgiro: 7058.20.10313

Olavsgården i Trondheim

vil allereide no gjera kjent at dei i dagane 2.-5. august skipar til familieleir med kursopplegg »menighetenlivsutfoldelse i misjonsoppdraget». Pris kr. 350 for enkeltrom - kr. 250 for dobbeltrom. Full pensjon. Ein kan og få campingplass på området rundt Olavsgården.

forts. side 11

**Skotøy
for hele familien**

Ingv. Solbu Eftf.

Orkdalesveien 71
7300 ORKANGER

**OPPFOTOGRAFERING
AV GAMLE BILDER**
Gjør familieveggen komplett.
Vi hjelper Dem med dette.

FOTOGRAF

KVARSNES

Plater og musikk-kassettar
Stort utvalg i gitarrer

Tlf. 80 356 - 7300 Orkanger

**ORKANGER
PARFYMERI A/S**

Orkanger

Tlf. 074 / 80244

Nå er vi i gang

Byggearbeidene på Orkanger menighetshus er nå i fullgang. Den 11.4. startet Orkla Maskin med gravearbeidene og arbeidet med grunnmuren pågår nå med full innsats. Der er viktig for oss å få opp grunnmuren så fort som mulig så meld deg til tjeneste dersom du har en ledig stund.

Tømmerarbeidene på huset starter opp så snart grunnmuren er ferdig. Det er Storås Sag og høvleri som skal stå for dette og de regner med å ha råbygget ferdig i juni hvis alt går etter planen. Det samme førmaet skal også gjøre innredningsarbeidene til høsten. Rørleggerarbeidet skal utføres av

Orkdal Varme- og Sanitær og elektrikerarbeidet av National

A.S.

GAVER TIL ORKANGER MENIGHETSHUS

Postgirokonto nr. 325 33 58
Bankgirokonto nr.
4270 31 62643

DU FINNER
KJOLER, SKJØRT,
SPENCERSKJØRT OG
BLUSER I GODT
UTVALG HOS

DAGNY KORSLI A/S

Bårdshaug - Tlf. 80395

Alt i
Maling — Gulvbelegg
Gardiner

Fannrem Farvehandel
7320 Fannrem tlf. 82 332

Trelast og bygnings-
artikler på lager.
Gunstige priser

Orkdal
Sag & Høvleri

Tlf. 82265

BØKER - LEKETØY
PAPIR - DAMEVESKER

NIK. KONSTAD's
BOKHANDEL
7300 ORKANGER

Bestill time
for fotografering

Fotograf

J. SØDAHL

Tlf. 80259 - 7300 Orkanger

Tvang til tro er därers tale . . .

Av journalist Allan Aarflot

Det er lenge siden N.F.S. Grundtvig skrev disse ord. Men de har full gyldighet også i dag, ja, neppe noen vil bestride dem i våre dager. Så er vi da kanskje kommet noe lenger - på dette området i allfall?

Man kan føle seg fristet til en liten travesti:

Tvang til drikke er därers gjerning. Også her vil de aller fleste vettige mennesker vere enige, enten de er avholdsfolk eller ikke. Når det gjelder alkohol, er vi stort sett kommet så langt at folk kan velge om de vil drikke eller ikke. Neppe noen ville tolerere at avholdsfolk i et selskap skulle tvinges til å drikke, selv om det bare var øl.

Men la oss travestere nok en gang:

Tvang til røyk er därers gjerning. Ennå er mange bare ved begynnelsen av forståelse på dette området. Ennå er det mange steder akseptert at noen

kan tvinge alle andre til å inhalere sjenerende og skadelig tobakksrøyk.

En ikkeøyker som oppholder seg i et rom hvor det røykes, får anslagsvis en sigarett-ekvivalent pr. time.

Hvor lenge skal dette urimelige forholdet være blant opplyste og dannede mennesker? Hvor lenge skal vi måtte forsvere oss individuelt mot den aggressive tobakksrøyken som er avslørt som farlig også for røykerens omgivelser?

Bør vi ikke nå - på bakgrunn av de foreliggende fakta om tobakksrøykens skadelighet - avvise tobakktvangen og proklamere frihet til frisk luft for alle?

Sosialt og intellektuelt er det tale om en nyvurdering som er nødvendig på grunn av ny viten. Praktisk gjennomføring er et spørsmål om å tillate røyking bare i spesielle rom, slik det var tidligere, og slik det også harmonerer med intelligent adferd i vår tid. -

Herren er i sitt hellige tempel. Vær stille for hans åsyn, all jorden!
Habakuk 2, 20: »Herren er i sitt hellige tempel. Vær stille for hans åsyn - all jorden.»

Kirkengang - For slektene før oss var gangen til kirke det naturligste i verden. Til Kirke skulle man ganske enkel, såvel store som små, selv om kirkevegen for mange ble heller dryg.

For vår slekt, som kaller seg: Barn av stålet og betongen, for oss virker ordet: Kirkegang og alt som dette står for, som noe håpløst gammeldags. Hvorfor gå i kirke når man kan sitte behagelig hjemme i en god stol og gjennom radio eller televisjon høre og se landets fremste predikanter?

En slik spørsmålstilling var helt fremmed for fortidens fromme. For det første fordi noe slikt som kringkasting ikke eksisterte den gang. Der nest fordi de gamle innstilling til guds-tjenesten var en annen enn vår. Når moderne mennesker i ny og ne finner veien til en kirke, er det for å høre en mere eller mindre vellykket preken. De gamle derimot søkte til Guds Hus for å trede frem for HERRENS ÅSYN. Gjennom trofast kirkegang vitnet de gamle slekter på en verdig måte om: Gudsfreden - hvor den var å finne. I Seterentens sondag har Jørgen Moe tegnet et vart savn etter helgetid:

Det nyttet ei stort å tage sin Bog og synge i Heien sin Salme, mitt Loft er for høyt, og her er det dog som Tonene blekne og falme.

O den som i Dag fikk blande sin Røst med hans og de øvrige Stemme!

-Gud give at snart det lakket mot Høst, Gud give jeg etter var Hjemme!

Undertiden har det endog fra kristent hold vært talt hårde ord om fortidens

vane-kirkegang og vane-altergang. Motro om vår tids tomme kirkebenker bedre tjener til å fremheve Guds Åre?

En sak for seg var den glede de gamle kjente ved å kunne samles på kirkebaken - etter høymessetid - og der treffes venner og spørre nytt. Med de nyhetskilder, som står til vår rådighet, har såvisst ingen lov til å tale hånt om de gamle slekters kirkegang. Og så var for å høre nytt.

fra side 9

gården og kan om ein vil syta for kost-en sjølv.

Bakketun Folkehøgskole

vil驱ra med »hospits» i sommar. Billeg overnatting. Billeg middag for reiselag og einskildpersonar. Billeg kaffe med vafler.

Kontakt skolen om de skal på for-enningstur eller familietur.

Tlf. 076 78120.

Fredly Folkehøgskole er 85 år i haust. Den startar til hausten med 7 forskjellige linjer m.a. EDB linje.

Tlf. 07 873043

En prest var i audiens hos kong Haakon. I samtalens løp sier plutselig Kongen: »Som prest må De aldri være redd for å forkynne sannheten. Nylig hadde jeg besøk av en kaptein. Til meg sa han at han var reddet fra forlis og død ved et Guds under. Men til avisene sa han noe helt annet. Der kalte han det flaks. Slike kan jeg ikke like. Et Guds under er et Guds under. Det skal man ikke kalle flaks. Man bør ikke for-falske sannheten og »snu kappen etter vind».

Ovenstående forteller oss meget om kong Haakon. Og likevel ikke noenytt. For gjennom alle år holdt han ikke bare stø kurs, men ga også tydelig til-kjenne ved mange anledninger hva som bestemte kurset.

Etter Haakon den 7. død er det vår nye konge, Olav den 5. som har den store oppgaven å føre folket fram i de gode spor. Som kristen menighet vil vi følge hans gjerning med vår bønn, og ikke bare i gudstjenestens kirkebønn, men i vår daglige andakt huske ordene »bevare vår konge og hans hus!«

John Meyer

HJØRNET



Det ble trangt i prestegården under bispevisitasen og biskopen selv måtte dele rom med husets lille sønn. Da begge var kommet vel i seng så biskopen plutselig at den lille var gått ut av sengen og knelte ned.

En smule beskjemmet steg også biskopen ut av sengen og knelte ned i aftenbønn.

– Hva er det du gjør? ville vesleguten vite.

– Det samme som deg, svarte biskopen andektig.

– Da blir mor sint, sa den lille, – for det er jeg som har potten. (Fra «Lutter smil og glede».)

VELKOMEN TIL KYRKJA

6. mai, 2. s.e. påske.

Orkdal kl. 11. Høgmesse v/ kateket Solheim og res.kap. Aasen. Konfirmasjon. Offer til ungdomsarbeidet.

Moe kl. 11. Høgmesse v/ prost Rogstad. Nattverd. Offer til Kirkens fam.-rådgivning. Kirkebiler.

9. mai, onsdag

Orkanger kl. 19. Kveldsmesse v/ kateket Solheim og Kallskap. Sletta-hjell. Samtale med konfirmantene.

13. mai, 3. s.e. påske.

Orkanger kl. 10 og kl. 12. Høgmesse v/ kateket Solheim og Kallskap. Sletta-hjell. Konfirmasjon. Offer til ungdomsarbeidet.

Orkdal kl. 11. Høgmesse v/ prost Rogstad. Nattverd. Offer til Indre Sjømannsmisjon.

Moe kl. 11. Høgmesse v/ Res.kap. Aasen. Samtale med konfirmantene. Offer til menighetsarbeidet.

15. mai, tirsdag.

Geitastrand kl. 20. Kveldsmesse v/ kateket Solheim og Kallskap. Sletta-hjell. Buss fra Råbygda.

17. mai, Grunnlovsdag.

Orkdal kl. 11. Festgudsteneste v/ prost Rogstad. Offer til Barnear-beidet.

Moe kl. 11. Festgudsteneste v/ res.kap. Aasen. Offer til barnearbeidet.

Orkanger kl. 11. Festgudsteneste v/ Kallskap. Sletta-hjell. Offer til menig-hetshuset.

20. mai, 4. s.e. påske.

Moe kl. 11. Høgmesse v/ res.kap. Aasen. Konfirmasjon. Offer til Ung-domsarbeidet.

Geitastrand kl. 11. Høgmesse v/ kateket Solheim og Kallskap. Sletta-hjell. Konfirmasjon. Offer til Ung-domsarbeidet.

Orkanger kl. 11. Høgmesse v/ prost Rogstad. Nattverd. Offer til menig-hetsarbeidet.

27. mai, 5. s.e. påske.

Orkanger kl. 11. Høgmesse v/ prost Rogstad. Offer til Tr. Kr. av Norges Kristelige sangerforbund.

Moe kl. 11. Høgmesse v/ Kallskap. Sletta-hjell. Offer til Tr. Kr. av Norges Kristelige Sangerforbund.

Geitastrand kl. 11 v/ res.kap. Aasen. Offer til Tr. Kr. av Norges Kristelige Sangerforbund.

31. mai, Kristi Himmelfartsdag.

Orkdal kl. 11. Familiegudsteneste v/

Kallskap. Sletta-hjell. Offer til barne-arbeidet.

Geitastrand kl. 11. Familiegudsteneste v/ prost Rogstad. Offer til barnearb. Buss fra Husdalen.

Bakksætra kl. 11. Familiegudsteneste v/ kateket Solheim.

3.juni, 6. s.e. påske.

Moe kl. 11. Høgmesse v/ res.kap. Aasen. »Eldres kirkedag». Nattverd. Offer til menighetsarbeidet.

Orkanger kl. 11. Familiegudsteneste v/ Kallskap. Sletta-hjell. Offer til Sjø-mannsmisjonen.

Ustad grendstuggu kl. 11. Gudstj. møte v/ prost Rogstad.

10. juni, Pinsedag.

Orkdal kl. 11. Høgtidsgudsteneste v/ prost Rogstad og misjonsprest Birger Neergaard. Offer til N.M.S.

Moe kl. 11. Høgtidsgudsteneste v/ res.kap. Aasen og sekretær Sverre Røvik. Offer til N.M.S.

Geitastrand kl. 11. Høgtidsgudsteneste v/ misjonsprest/Bibelskolelærer Arvid Bøe. Offer til N.M.S. Buss fra Råbygda

Orkanger kl. 11. Høgtidsgudsteneste v/ Kallskap. Sletta-hjell og område-sekretær Lars Birger Aadland. Offer til N.M.S.

Helgavakt

5.-6. mai Aasen

12.-13. mai Rogstad

17. mai Sletta-hjell

19.-20. mai Rogstad

26.-27. mai Aasen

31. mai Sletta-hjell

2.-3. juni Rogstad

9.-10. juni Aasen

Tlf. Rogstad 82142

Aasen 84188

Sletta-hjell 81044

